

#fordi det  
angår deg



# Invitasjon til politisk avspark og mobilisering for lokaldemokratiet

Onsdag 25. april ønskjer STAD 2020 velkommen til felles dugnad for framtidas lokaldemokrati!

Å utvikle og styrke lokaldemokratiet er ein viktig målsetnad for alle kommunar. Vi ønskjer å gje innbyggjarane gode moglegheiter for demokratisk deltaking - men skal vi lukkast med å skape eit sterkt lokaldemokrati må vi saman med innbyggjarane ta ansvar for at det skjer! Eit demokratisk og rettferdig samfunn føreset engasjerte innbyggjarar som aktivt deltek i viktige politiske avgjersler. Kjem rekruttering til og motivasjon for politikk i ubalanse, vert lokaldemokratiet svekka.

Stad 2020 ønskjer å invitere alle i Eid/Selje og våre nabokommunar til eit avspark for framtidas lokaldemokrati, der vi i fellesskap drøftar kva som skal til for å få opp engasjementet for politisk deltaking.

Det vert innlegg, betraktnigar og diskusjonar med forskar ved Rokkansenteret Bjarte Folkestad, Fylkesmann Anne Karin Hamre, rikspolitikar Hadja Tajik og lokalpolitikarar frå Nordfjord.

Hovudtema for paneldebatten vert: "På tide å kvinne seg opp. - Korleis få betre kjønnsbalanse i folkevalde demokratiske organ?" Debatten vert leia av prosjektleiar og rådmann for nye Stad kommune Åslaug Krogsæter.

I letterkant av arrangementet i salen vert det «politisk kafé» i foajeen på Operahuset frå kl 20-21.30 med høve til å bli kjende på tvers av politiske parti, på tvers av kommunegrenser – og ikkje minst vere tilstades for å gje innbyggjarar høve til å bli kjende med og ta eigarskap til politisk arbeid!

VELKOMEN!

Oppmodar parti på tvers av kommunegrenser om å delta med felles stand i foajee under politisk kafé. Desse kan setjast opp frå kl 17.00. [www.stad2020.no](http://www.stad2020.no) for meir informasjon.

Ope møte!  
OPERAHUSET  
NORDFJORD  
**25. april kl 18.00**

**STAD<sup>20</sup><sub>20</sub>**  
Eid og Selje i ny kommune